

TIL
Nabo/offentleg mynde/lag/organisasjon


Stord, 11. januar 2021

Melding om oppstart av reguleringsplanarbeid med
- **Detaljreguleringsplan for akvakulturlokalitet Stuholmen. Øygarden kommune**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt oppstart av detaljregulering for akvakulturlokalitet Stuholmen, i Øygarden kommune. PlanID: 20200007.

Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide detaljregulering med konsekvensutgreiing (KU) for akvakultur i sjøområda ved Stuholmen som ligg i ytre del av Telavågen, i Øygarden kommune. Ein ønskjer å regulere akvakulturføremål (AK-føremål) om lag 100-115 meter aust for eksisterande AK-føremål i kommuneplanen, samt omregulere eksisterande AK-føremål vest for dette til føremål som ikkje er knytt til akvakultur (bruk og vern av sjø og vassdrag/friluftsliv eller liknande). Sjå figur 1. Bakgrunnen for planarbeidet er at Telavåg fiskeoppdrett AS vurderer at det nye arealet er betre eigna for oppdrett med omsyn til naturgjevne tilhøve enn AK-føremålet i kommuneplanen. Det vert såleis lagt opp til eit makebytte av areal innanfor plangrensa.




Figur som syner plangrense og område ønska regulert til akvakulturføremål for anlegg på sjøoverflata. Bakgrunnskartet er gjeldande kommuneplan.

Stuholmen er ein av dei eldste akvakulturlokalitetane i tidlegare Hordaland fylke. Teknologi og driftsmessige forhold har utvikla seg sidan løyve til akvakulturverksemd i området vart gjeve i 1986. Djupnetilhøva innanfor det godkjente området for drifta og område avsett til akvakultur i kommuneplanen er relativt grunne, og dette gjer det naudsynt å flytte anlegget ut i djupare område. Den ønska lokaliseringa for oppdrettsverksemda er ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan.

Eitt av vilkåra for å vurdere lokalitetar/konsesjon etter akvakulturlova er at det omsøkte arealet skal vera arealavklara (plan eller dispensasjon). Telavåg fiskeoppdrett sendte difor innspel til arbeidet med rullering av kommuneplanen i 2017/18, der ønska arealbruk på sjøoverflata blei lagt inn i forslag til ny plan. Etter kommunereform av 1.1.2020 er det vedteke at Øygarden kommune skal utforme ein ny felles kommuneplan med arealdel, og for tida arbeider kommunen med samfunnsdelen til kommuneplanen. Det er signalisert frå offentleg mynde at detaljregulering av området kan vera eit alternativ til å vente på den nye arealdelen til kommuneplanen. For å kunne utnytte lokaliteten sitt løyve på 1 konsesjon (780 maksimal tillaten biomasse, MTB) er det viktig med ei raskare avgjerd enn det ein kan forvente i kommuneplanprosessen.

Plansituasjon og plangrense

Avgrensing av planområdet er vist på i vedlagt kartutsnitt. Planområdet er om lag 156 daa, og omfattar sjøareala ved Stuholmen. Planområdet inkluderer areal til overflateanlegg, samt fortøyingslinje og ankerfeste. I gjeldande kommuneplan er planområdet sett av til akvakulturføremål og fleirbruksområde i sjø/bruk og vern av sjø og vassdrag.



Figur som syner lokalisering av planområdet.

I planinitiativet utarbeida som grunnlag til oppstartsmøtet er planområdet mindre enn det no vert varsla om. Det vart semje i oppstartsmøtet om å utvide planområdet, fordi ein vil omdisponere deler av AK-føremålet i gjeldande kommuneplan frå akvakultur til andre ikkje ekskluderande arealføremål.

Om konsekvensutgreiing

Det er krav om konsekvensutgreiing med utgangspunkt i at reguleringsplanen ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan og planen kan ha verknad for miljø og samfunn, jf. konsekvensforskrifta. For meir informasjon sjå planinitiativet. Det er vurdert at det ikkje er nødvendig å utarbeide planprogram i samband med varsel om oppstart. I tillegg til konsekvensutgreiinga skal det utarbeidast ROS-analyse.

Konsekvensane av planframlegget vil verta utgreidd for dei tiltaka som reguleringsplanen fremjer (sjøoverflata og fortøyingar). Ein har vurdert følgjande utgreiingstema for å vera relevante i saka:

- Naturmangfald
- Friluftsliv på sjø og i strandsona
- Landskapsverknad
- Nærmiljø; Støy, lys og lukt
- Fiskeri og ferdsel på sjø
- Samfunns- og næringsverknad

Informasjon om saka

Tiltakshavar er Telavåg fiskeoppdrett AS og det er gjennomført oppstartsmøte 16.12.2020 med plankonsulent og Øygarden kommune. Planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet er å finne på nettsida til kommunen, arkivsakID 20/16051 ([LINK](#)).

Meir informasjon om planarbeidet er å finne på nettsida til kommunen og ABO sine nettside. Her ligg mellom anna planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet.

Medverknad og saksgang

Dette brevet er første fase i planarbeidet og er eit varsel om oppstart av planarbeidet. Sjølv planframlegget med detaljar for planlagt situasjon vil verta sendt på høyring seinare i prosessen.

Etter at fristen for merknader er gått ut, vil ABO utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føreseger. Ferdig planforslag vil så bli sendt Øygarden kommune for handsaming. Alle mottekne dokument, merknader o.l. følgjer planforslaget når det blir oversendt kommunen for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit til å spele inn merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Merknadar

Ein ønskjer merknadar knytt til forhold du som nabo/offentleg mynde/lag/organisasjon meiner er relevante i saka, og sidan det ikkje er utarbeida planprogram, innspel til forslag av utgreiingstema.

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg innan

- **høyringsfristen 11.02.2021**

Postadresse: ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no eller turid@abo-ark.no

Er det spørsmål til planarbeidet kan underteikna kontaktast på e-post turid@abo-ark.no eller telefon: 905 22 958

Ved vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Turid Verdal

Vedlegg:

- Plangrense
- Oversiktskart